

Prosjektplan for kulturminneregistrering i samband med områdeplan for bustadområde B36 på Kaland og Fønnes, planID 2021002, Austrheim kommune

Vi viser til brev i saka der vi varsla at planområdet har potensial for funn av automatisk freda kulturminne. Prosjektplanen gjer greie for kva vi ventar å finne, arbeidsmetodar og omfang av registreringa.

Potensialvurdering

Det er potensial for funn av automatisk freda kulturminne i planområdet. Området har potensial for funn av kulturminne knytt til bruk av utmarka og tufter frå øydegardsanlegg frå mellomalderen.

Det planlagde tiltaket utgjer eit offentleg tiltak, og tiltakshavar si undersøkingslikt må gjennomførast i området. Vi viser her til lov om kulturminne §§ 9 og 10.

Registreringsmetodar

Det blir nytta fleire metodar ved arkeologiske registreringar. Kva metode som er vald, er avhengig av topografi og kva type kulturminne vi reknar med å påvise. Med dei ulike metodane kan det påvisast kulturminne med eller utan synlege spor på markoverflata. Ved denne registreringa skal vi nytte metoden overflateregistrering. Det blir også teke prøvestikk om ein ser at dette vil vere formålstenleg for å påvise forhistoriske strukturar og få ut materiale til C14-dateringar.

Førhistoriske strukturar, funn og prøvestikk vert dokumentert ved planteikningar og foto, og digitalt innmålt med CPOS/GPS.

Etter feltarbeidet blir resultata frå registreringa systematisert og samanfatta i ein rapport som vert sendt til tiltakshavar. Kartfiler som viser automatisk freda kulturminne kan sendast før den edelege rapporten er ferdig dersom det er ønskeleg.

Omfang av registreringa

Det er i denne saka budsjettert med 2 personar i felt i inntil 4 dagar, inklusive reise til og frå oppdraget, og inntil 3 dagsverk til førebuing, rapportering og oppfølging. I tillegg kjem inntil 2 stk. 14C-prøvar i fall det blir påvist relevant dateringsmateriale. Katalogisering av eventuelle gjenstandsfunn blir utført av Universitetsmuseet i Bergen.

18.06.2021

Vestland fylkeskommune, Avdeling for kultur, idrett og inkludering Seksjon for kulturarv